

ETTERSØKSAVTALE 2017

Namn: _____

Tlf: _____ mob: _____

Adr: _____

Vald nr: _____ Vald namn: _____

Jaktfelt nr: _____ Jaktfelt: _____

Tal dyr: _____ (Alle tildelte dyr)

Kommune: _____

Har i dag inngått ettersøksavtale med Gulen Ettersøkslag. Laget har medlemmar som har godkjente og registrerte ettersøkshundar som har bestått prøver i medhald til forskrifta.

Avtale vilkår:

Jeger/Jaktlag/vald, følger regler og lover for jakt og ettersøk.

Ettersøkslaget kan heve avtalen dersom ein bryt med desse.

Avtale er gyldig når avgift er betalt til laget sin bankkonto nr: 3705.0298931.

kr. 200 x tall løyve. Betaling før 1. september 2017.

Ettersøkslaget skal stille med hund og førar, klar til ettersøk innan 4 timar etter melding er motteke.

Jaktlag i områder som er avhengige av båttransport må sjølv hente/bringe ettersøksekvipasjen med båt på best eigna stad.

Avtalen dekker alle kostnader ved ettersøk fyrste dag. Andre dag 200 kr. pr. time + km

NB! Hugs å merke innbetaling med namnet ditt og jaktfelt.

Jaktfeltansvarleg

Jeger

Telefonliste Gulen Ettersøkslag.

Arild Wergeland (leiar)	Brekke	977 27 623
Karstein Elnes	Eivindvik	971 40 824
Roar Elnes	Eivindvik	416 85 260
Odd Rune Våge	Leikanger/Eivindvik	412 95 025
Leif Helge Fjellro	Austgulen/Arna	909 80 051
Severin Rokne	Austgulen	977 42 670
Thomas Stølen	Eivindvik	930 27 732
Geir Haveland (ikkje hund)	Eivindvik	908 49 494

Be jegerane lagre desse telefonnummera på sin mobil.

Gulen kommune får tilsendt oversikt over alle som har inngått avtale med Gulen Ettersøkslag.

Returner utfylt avtale på e-post til: gulen.ettersokslag@hotmail.com

GODE TIPS OM UHELLET ER UTE

- Påskotne dyr skal reknast som skadde til det motsette er bevist, og ettersøk skal starte.
- Det er forbode (viltlova) å ta opp jakt på nye dyr i jaktfeltet medan ettersøk pågår
- Ring Gulen Ettersøkslag så tidleg som råd er. Det går fort tid før me er på plass i terrenget, og på hausten mørknar det fort...
- Merk plassen der du stod når du skaut.
- Merk plassen hjorten stod når du skaut. Dette er viktig for å undersøkje skotplass og for å komme inn på rett spor. Skotplass kan fort bli uklar i ettertid om det mørknar og den ikkje er merka
- Du må unngå å trakke i blod!!!! Dette vil gjere søket svært vanskeleg.
- Sko som er brukt under slakting vil plante nye spor og gjere det vanskelig.
- Set ut postar på strategiske plassar. Dette kan gjerast medan ein ventar på hund.
- Heile jaktlaget pliktar å ta del i ettersøket.
- Evt spor bør ikkje følgjast utan godkjent hund. Blir dyret skremt ut av første sårleie fell sjansen for å finne det att drastisk.
- Ikkje lat andre hundar kome inn på området
- Undersøk forsiktig der hjorten stod når den vart påskoten (hår, blod, bein, kjøtt osv.) Berre ein person undersøker, og ikkje trakk i blod.

Me kjem til å spørje etter:

Når vart dyret påskote?

Kva type dyr er påskote?

Sto dyret stille?

Såg du skotreaksjon på dyret? Kva?

Kor sat du? Kor sto dyret?

Såg du fluktretning?

Var det fleire dyr i følgje?

Vi i Gulen Ettersøkslag ynskjer Dykk ei fin jakt, og håper på eit godt samarbeid.